Punktene 5A - 5D i skjemaet skal bare besvares dersom barneverntjenesten har ansvaret for tilsyn med barn i fosterhjem. Spørsmål om kontroll- og oppfølgingsansvar for barn i fosterhjem (5E - 5G) må besvares av alle.

A Antall barn i fosterhjem i kommunen totalt, også de <u>over</u> 18 år. Her telles både barn plassert i din kommune av din kommune og barn plassert i din kommune av annen kommune. Barn plassert i beredskapshjem skal også tas med her.	3
A1 Herav antall barn under 18 år i fosterhjem i kommunen. Her telles både barn plassert i din kommune av din kommune, og barn plassert i din kommune av annen kommune.	3

B Antall fosterbarn som kommunen har tilsynsansvar for (kun de <u>under</u> 18 år). Gjelder de under 18 år som din kommune har tilsynsansvar for, både de under 18 år som er plassert av og i din kommune, i tillegg de under 18 år som er plassert i annen kommune, der din kommune har et tilsynsansvar.	3
---	--------------------------------

C Av punkt B antall barn som har vært plassert i fosterhjem i mer enn 1 år. (dvs lenger enn siden 01.01.2013)	3
C1 Av disse antall hvor krav om 4 (eventuelt 2 i spesielle tilfeller) tilsynsbesøk er oppfylt. Her telles antall besøk fra rapporteringstidspunktet og ett år tilbake i tid.	0
Antall av C hvor krav om 4 (eventuelt 2 i spesielle tilfeller) tilsynsbesøk ikke er oppfylt.	Beregnes automatisk 3

D Av punkt B barn som har vært plassert i fosterhjem i mindre enn 1 år. (dvs plassert etter 01.01.2013)	0
D1 Av disse antall som ligger an til at krav om 4 tilsynsbesøk blir oppfylt.	0
Antall av D som ikke ligger an til at krav om 4 tilsynsbesøk blir oppfylt.	Beregnes automatisk 0

E Antall fosterbarn som kommunen har oppfølgings- og kontrollansvar for, jf barnevernloven § 8-4, 3. ledd og fosterhjemsforskriften § 7. Gjelder de som din kommune har oppfølgings- og kontrollansvar for, både de som er plassert i din kommune og i tillegg de som er plassert i annen kommune der din kommune har oppfølgings- og kontrollansvar. Gjelder så lenge plasseringen varer. Barn plassert i beredskapshjem skal også tas med her.	4
--	--------------------------------

F Av punkt E antall barn som har vært plassert i fosterhjem i mer enn 1 år (dvs lenger enn siden 01.01.2013)	4
F1 Av disse antall hvor krav om minimum 4 (eventuelt 2 i særlige tilfeller der barnet har bodd i samme fosterhjem i mer enn to år) besøk er oppfylt. Her telles antall besøk fra rapporteringstidspunktet og ett år tilbake i tid.	2
Av disse antall hvor krav om minimum 4 (eventuelt 2 i særlige tilfeller der barnet har bodd i samme fosterhjem i mer enn to år) besøk ikke er oppfylt.	Beregnes automatisk 2

G Av punkt E antall barn som har vært plassert i fosterhjem i mindre enn 1 år (dvs plassert etter 01.01.2013)	0
G1 Av disse antall hvor det ligger an til at krav om minimum 4 besøk blir oppfylt	0
Av disse antall hvor det ikke ligger an til at krav om minimum 4 besøk blir oppfylt.	Beregnes automatisk 0

Kommentarer

Har du kommentarer til utfyllingen for punkt 5 kan du skrive dette her. Skriv maksimalt 6 linjer.

6. Ettervern siste halvår

Disse spørsmålene dreier seg om ungdom som din kommune har hatt omsorgen for, og som er fylt 18 år siste halvår.

Antall ungdom som har vært under omsorg og har fylt 18 år siste halvår.	0
Antall av disse som har fått tilbud om tiltak fra kommunen, men som har avslått med ønske om et annet tiltak.	0
Antall av disse som har fylt 18 år siste halvår og som ikke lenger har tiltak etter bvl. fordi de selv ikke har ønsket det.	0
Antall som har fylt 18 år siste halvår og som ikke lenger har tiltak etter bvl. fordi de har fått avslag fra kommunen.	0

Kommentarer

Har du kommentarer til utfyllingen for punkt 6 kan du skrive dette her. Skriv maksimalt 6 linjer.

7. Andre frister for siste halvår

Forberedelse til sak etter § 7-10, 2. ledd

A Antall krav fra den private part i perioden om endringer i tidligere vedtak, jf § 7-10, 2. ledd i barnevernloven der kommunen i siste halvår har forberedt og oversendt kravet til fylkesnemnda.	0
--	--------------------------------

Tid som kommunen/bydelen har brukt i saken som oppgitt i A
fra kravet ble mottatt til det ble oversendt til fylkesnemnda. Summen av B, C og D skal være lik tallet i A

B Innen 3 mnd.	0
C Mellom 3-6 mnd.	0
D Mer enn 6 mnd.	0
I hvor mange av sakene med mellom 3-6 mnd behandlingstid er det besluttet utvidet behandlingstid til 6 mnd?	0
Antall vedtak i h.h.t. § 4-6, 2. ledd som er bortfalt i perioden fordi oversendelsesfristen ikke er overholdt, jf § 4-6, 4 og 5 ledd.	0
Antall vedtak i h.h.t. § 4-25, 2. ledd, 2. punktum som er bortfalt i perioden fordi oversendelsesfristen ikke er overholdt, jf § 4-6, 4 og 5 ledd.	0
Antall vedtak om omsorgsovertakelse bortfalt, jf § 4-13, 2. punktum.	0

Kommentarer

Har du kommentarer til utfyllingen for punkt 7 kan du skrive dette her. Skriv maksimalt 6 linjer.

3. STATUS FOR PROSJEKT OG PLANARBEID - 2014

Endring med utheva skrift i kommentarfeltet (dvs. endring mellom 30.4.14-30.8.14)

ansvar	år/nr	Prosjekt	godkj.	30.8.14	Budsjett	Nemnd	Saksh	Kommentar til status/gjenstående arbeid
210	2010-10	Dingemoen ventilasjon		F	6 350	Byggen.	AG	rekneskapsgodkjent juni 14
215	2010-11	Uteområde FUS - nærmiljøanl.		P	200		OS/IO	løpebana blir lagt til våren, problem med finansiering (aug-14)!!!
600	2010-13	Opprusting av kommunale bygg	5-12	F	1 000		AG	Ferdig i mai (siste var taktekkning på Helsetunet) - blir avslutta
600	2010-14	Utbetring av fast dekke/vegvedlikeh	5-12	F	1 200		ØH	Gjenstår - Rekneskapsgodkjenning
100	2010-16	Ombygging arkiv sørvisrom		F	100		AG	sett på vent (jf. fullelektronisk arkiv), sjå nr 49
300	2010-17	Ny leilighet Øyra burområde	oppflg	F	900	Byggen.	AG	rekneskapsgodkjent juni 14
500	2010-19	Lys i Dale		P	100		IOT	Fekk 230' i tilskot i 2010, sjå 40 (ventar på stolpane til soppane
270	2010-20	Garderobar Yksnebjør	oppflg	F	1 400	Byggen.	AG	rekneskapsgodkjent juni 14
100	2010-24	Eigedomsskatt	5-12	F	2 475	ad hoc	AM	- rekneskapsrapport
600	2010-26	Øyra - gravplass - omreg.		P	450	ad hoc	CH	Kstyresak 1.10 på lokalisering - saka utsatt - kommuneplanarb
215	2003-1	Oppussing FUS		F	7 700	Byggen.	AG	Klar for rekneskapsrapportering
600	2009-2	Legekontor	oppflg	F	7 800	Byggen.	ØH/AG	Gjenstår - Rekneskapsgodkjenning - purra leverandør på faktura
600	2009-3	Hovland bru	5-12	F	2 625	Brunemnd	ØH	Gjenstår - Rekneskapsgodkjenning
600	2009-6	Dingemoen skule ned og br.lys	5-12	F	1 365		ØH	Ferdigattest (+ rekneskapsrapport -> kontrollutval....
600	2009-7	Utviding Fjalerhallen		F	1 500	Byggen.	AG	sjå 79
600	2009-8	Murar i Hattedalen	oppflg	F	900	Byggen.	ØH/AG	Gjenstår - Rekneskapsgodkjenning
215	2010-9	Utemiljø skular - komm del		P	200		AG	sjå nr. 11
210	2011-27	Basseng - Dingemoen - ombygging		F	4 350	Byggen.	AG	rekneskapsgodkjent juni 14
100	2011-28	IP-telefoni		P	200		AM	Prosjekt i SYSIKT - ferdig 2013, sjå nr 47 - Høyanger og Solund pilotar
215	2011-29	Utemiljø skular - komm del		P	200		OS/IO	sjå nr. 11
600	2011-30	Utbetring av fast dekke/vegvedlikeh	5-12	F	1 100		ØH	Gjenstår - Rekneskapsgodkjenning
600	2011-34	Gravstad		P	500	ad hoc	CH	ref ovanfor, 26
600	2011-35	Asfalt Steinset Sygna		F	2 000		ØH	ferdig
270	2011-38	Drenering av uteområde Yksnebjør		F	190		AG	ferdig sommar 2014
500	2011-40	Lys i Dale		P	300		IOT	Gjenstår lys i parken - hausten 2013 - utsatt våren 2014
500	2011-41	Informasjonstavler og skilt		P	100		IOT	Tusenårsstaden - planlagt ferdig haust 2013 (ventar avkl. J.Sande) 2014??
300	2011-42	Cos doc (meldingsløftet)		P	270		AZ	pågår - lege. - bio
600	2011-45	Opprusting av kommunale bygg	oppflg	F	1 000		AG	Arbeider etter vedteken prioritierungsliste
100	2012-47	IP-telefoni		P	300		AM	fellesprosjekt SYS IKT - pågår, sjå nr 28
100	2012-49	Elektronisk arkiv		P	200		KH	sjå nr 16 - planlagt ferdig 1.2.13
100	2012-51	Intranettløsning		F	100		OH	går ut, sjå nr 133
100	2012-52	Utstyr til reinhald		P	200		EB	blir vurdert i løpet av 1.halvår 2013. Utstyr, opplæring mv.
214	2012-54	Ventilasjon Våge		F	3 540		AG	rekneskapsgodkjent juni 14
270	2012-55	Oppgradering Tiphogen og Tross		F	500		AG	ferdig sommar 2014
300	2012-56	BIO		P	320		AZ	Utstyr vedr. samh.reforma
500	2012-58	PreForm		P	100		IOT	pågår - investering - løyving over tre år, ferdig i des 2014
500	2012-59	Parken i Dale		P	200		IOT	ref. 19 og 40
600	2012-60	Utbetring/ fast dekke på veg og bru		F	1 000		ØH	Gjenstår Hauglandsveien (parti), veg til Lammetun (to parti) må omprioritere til Strand-sak til kstyre sommar13 - avslutte og lage nytt prosjekt
600	2012-61	Opprusting kommunale bygg		F	1 000		AG	Naustmyra - ferdig, Vaktrom Sveh. - ferdig, omprioritering - Løvøllen før gulvbelegg - ferdig (sjekk om det er midlar til andre prior. Tiltak)
100	2012-64	Fjalerhuset - Ny taktekkning		F	900		AG	rekneskapsgodkjent juni 14
100	2012-65	Enektillak (1000 - redusert)		P	900	byggen	AG	pågår - generelt på kommunale bygg - fram til 2015 (kontin.)
270	2012-69	Yksnebjør barnehage - Ventilasjon	vent	F	650	byggen	AG	avventa ift. prosjektnr 55
270	2012-70	Yksnebjør barnehage - Brannvarsling	vent	F	200	byggen	AG	vidareføring av det som er gjort på dingemoen - (sjå ift. ventilasjon vedr. oppst.) sjå og 55
500	2012-78	Badet - nytt tak		P	300		AG	oppstart 1.10.14
100	2013-101	Breibandutbygging Dale		F	3 000		AG	Klar for rekneskapsrapportering (utbet. Av tilskot)
600	2013-102	Ny veg til Torset		F	200		KDH	behov for avklaringar med grunneigarar
600	2013-103	Bru på Rennestraum		F	1 850		AG	litt oljegrus står att
300	2013-104	Rehabilitering 2 nye kortidsplassar		F	500		AZ/ØH	behov for å finne ei ny løysing
100	2013-105	IKT - EHF modul, reisoppgj+ kartmodul		F	260		AMY	kartmod. (utsett gr. behov for meir serverkap.) dei øvrige pågår.
210	2013-106	Dingemoen skule		F	600		AG	sjå 27 - tilleggsøyving - gjenstår å finne ei god løysing på to av garderobane til småaktivitetar
300	2013-107	Forprosjekt - arealbehov Fj. Helsetun		F	200		AZ	
500	2012-79	Dingemoen Idrettspark		F	4 650	nemnd	AG/IOT	Overtaking 13.9.13
600	2012-80	Rassikring		F	2 000		COH	anbodsynfaring (okt) - tiltak påbegynt før nyttår! Tilleggsøyving 1,5 mill
600	2013-83	Kommunale Bygg		F	1000		AG	Fjalerhuset, skyllerom sjukeheim, oppgradering av kjøkken daglegstova sjukeh
500	2013-87	Preform		P	800		IOT	sjå 58
214	2013-88	Renovering Garderobar Våge Skule		F	250		AG	ferdig sommar 2014
215	2013-89	Energisparing (nytt varmeanl FUS)		F	2800+1900	byggen	AG	Klar for rekneskapsrapportering
600	2013-90	Brannvern Tunnel		P	500			sjå 62
100	2013-91	IKT skule		P	300		MH	fortløpande
500	2013-92	Fjaler Idrettspark (ekstraløyv.)		F	1 000	byggen	AG	sjå 79
214	2013-93	Våge skule Bibliotek		F	275		AG	ferdig sommar 2014
600	2013-94	Radonmåling		P	300		AG	fase 2 er gjennomført, FUS ok, Våge må gjereast tiltak (ventilasjon/tetting
210	2013-97	Dingemoen Skule Grindabygg		F	250		AG	må ha ein oppdatert plan på uteområde før byggestart (jf kommuneplan)
600	2013-98	Fjaler sjukeheim teknisk anlegg		P	1 500		AG	romalarmar, brannvarslingsanl 1.etg, varmeanlegg - vinter 2014 - ferdig des 14
300	2013-109	Solavskjerming sjukeheim		F	500		AG	ferdig - eit par deksel som manglar
600	2014-110	Ventilasjon Flekke		F	2 200		AG	Klar for rekneskapsrapportering
600	2014-111	Fjaler sjukeheim teknisk anlegg		P	1 500		AG	oppfølging av nr 98
600	2014-112	Dingemoen skule tekniske anlegg		F	500		AG	utskifting av panelovnar med styring
600	2014-113	Våge skule tekniske anlegg		P	500		AG	utskifting av panelovnar med styring - før sommaren -> haust 2014
600	2014-114	Yksnebjør barnehage nybygg		P	5 000		AG	sjå nr 55 (nybygg - finansiert 5 mill 2014 og 5 mill 2015
600	2014-115	Yksnebjør barnehage nytt tak		F	300		AG	
600	2014-116	Dingemoen skule ny vindauge		P	500		AG	haust 2014
600	2014-117	Fjaler helsetun - nytt kjøkkeninnredn. Hovud		P	300		AG	haust 2014
600	2014-118	Fjaler helsetun - ny varmekjelde		P	1 700		AG	haust 2014
600	2014-119	Fjaler helsetun - naudstraumsagg		P	2 200		AG	sjå i samanheng med 118
600	2014-120	Hattedalen bustadfelt		P	2 100		AG	jobbar med grunnlaget, anbud haust 2014
600	2014-121	Rassikring Hattedalen		P	500		AG	sjå 120
600	2014-122	Kommunale Bygg		F	500		AG	
600	2014-123	Asfaltering/vegvedlikehald		P	1 000		ØH	Fullfør Stav-Strand + einskildparti
600	2014-124	Bruvedlikehald		P	500		ØH	Jarstad bru må takast - må muligens løyvast opp, anbud før jul
600	2014-125	Gatelys		P	200		ØH	Sunnfj. Energi sin prosjekt - kabel Hallen - FUS, Yksnebjør b.hage, gamle Dale
100	2014-126	Dale Kyrkje oppussing		F	100		IF	overført kyrkja
500	2014-127	Preform		P	100		IOT	sjå 58
600	2014-128	Sikring fjellsikring Våge		F	100		CH	
600	2014-129	Brannpumpe		F	100		ØH	ferdig
100	2014-130	KLP kapitalinnskott		F	4 000		AMY	blir gjort opp hausten 2014
600	2014-131	Bil utseksjonen		F	300		ØH	haust 2014
100	2014-132	Kommune TV		F	135		OH	investering - ferdig - i bruk frå oktober -14
100	2014-133	Kvalitetssikring internkontroll		P	925		OH	prosjektet går til feb 2014

103 080

F	=	Ferdig
U	=	Utført, manglar endeleg handsaming i kontrollutval, revisjon og kommunestyre
P	=	Pågår
S	=	Sett på vent
I	=	Ikkje starta

Dei prosjekta som står "5-12" på er klarert og blir sendt til revisjon - kontrollutvalet for endeleg godkjenning i kommunestyre. Prosjekt med "oppfølging" betyr at det framleis manglar opplysninga

STATUS - KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2012-15 (VEDTAK MAI 2012)

Komm.	KOMMUNALE PLANVERK	Sist vedt.	Status 30.6.14		2014	2015	Status arb. 2014
			Planvedtak 14.5.12	Oppstart vår 2014			
Økonomi	Plansstrategi (ny)	ny	F	P			ferdig haust 2014
	Informasjonsstrategi (ny-2014)	2009	F	P			vedtatt k.styre feb-14
	Kommuneplan - SAMFUNNSDEL	2009	F	P			planlagt ferdig des 2014
	Kommuneplan - AREALDEL	1977	P	P			planlagt ferdig des 2014
	Kommunedelplan for Dale	2012	F	F	des		
	Økonomiplan	2012	F	F	des		
	Budsjett	2012	F	F	des		
	Armsmelding - rekneskap	2012	F	F	mars		
	Arkivplan	ny		utsatt til vår 2014			ferdig feb -15
	Analysar - behov for omstillingsprosjekt mv	2012	F	F	mai	mai	til k.styre juni -14
Personal	Eigarskapsmelding	2010	F	F	okt	okt	
	Inkjøpsstrategi	2010		vurderast vår 2014			ikkje behov for å rullere
	Seniorpolitisk handlingsplan	2008	F	F			
	Organisasjonspolitikk (ny 2014)	ny	P	ny - oppstart			ferdig des 2014
	Personalhåndbok	2012	F	pågår - vedtak sept 12			
Beredskap	Beredskapsplan - helsemessig og sos.beredskap	2012	F	rev januar	jan	jan	
	ROS analyse (beredskap)	2009	F	vedtak 10.2.14			vedtatt k.styre feb-14
	Smitteverplan	2004	F	vedtatt juni 2013			
	Pandemiplan (smittvern)	2009	F	ingen endringar	jan	jan	
	Strategisk næringsplan	2012	F	planvedtak 11.6.12			
Næring (F)	Plan for overgangane i skular og barnehagar 2013-	2009	F	Vedtak 13.5.13			
	Skulepolitisk plan	2010	P	rullering 2014			haust 2014
	IKT plan for Fjalerkulane	2007	F	ligg hjå sys ikt			haust 2014
	Kompetanse og utviklingsplan for skule og barneha	2012	F				utsatt
	Strategisk kulturplan	2007	flyttast til 2013, avvente	ny 2014			Oppst. Aug-14- vedt. Okt-15
Helse	Kulturminneplan	ny	P	Vedtak 12.11.12			
	Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet	2012	F	Vedtak 11.6.12			
	Plan for bistand og omsorg	2012	F	høyringsvedtak 11.6.12			
	Bustadsosial handlingsplan	2012	F	planvedtak 14.5.12			
	Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2012	F	vedtak 14.5.12			til k.styre juni 2014
Teknisk	Skjenkeløve og Salsløyve	2012	F	strategiplan 2014			utsatt
	Plan for folkehelse	ny		2014?			føl kommuneplanarbeidet
	Tverrfagleg rehabiliteringsplan	2003		flytta til 2013 -> 2014			føl kommuneplanarbeidet
	Hovudplan for avløp (VA)	1999	P	flytta til 2013 -> 2014			føl kommuneplanarbeidet
	Hovudplan for vatn	1999	P	blir oppstart flytta til 2014			føl kommuneplanarbeidet
Lanbruk/m	Trafiktryggleiksplan	2011	P	vedtatt 2013			
	Landbrukssatsing - tiltaksstrategiar	2005	F	pågår, planframl des 2012			ferdig des 2014
	Fleirbruksplan for Flekke- og Guddalsvassdraget	1994	P	rullering 2014			oppstart haust 2014?
	Energi, klima og miljøplan	2010					
	Plan for forvaltning av hjortestamma	2009	F	2013			

tal

1	Kommunal planstrategi	1
2	Kommuneplan samfunnsdel og arealdel	2
3	Kommunedelplan areal, tema	6
20	Tema og sektorplanar	27
	Totalt	36
5	Økonomiplan, budsjett, årsmelding, analyser	5 årleg

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 12.11.2014	Saksnr 030/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/288
---	-------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjonsprosjekt : Rutinar rundt sjukefråvær

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.11.2014	Fjaler - rapport: Rutinar rundt sjukefråvær	755
03.11.2014	Endeleg rapport - Rutinar rundt sjukefråvær - Fjaler kommune.pdf	756

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvær – Fjaler kommune» datert 20.10.2014, og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak:

Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvær – Fjaler kommune» datert 20.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å sikre at oppfølging av sjukmeldte skjer innanfor aktuelle fristar.

Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

Saksutgreiing:

Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Rutinar rundt sjukefråvær vart tinga av kontrollutvalet i møte 16.9.2013, sak 021/13.

Følgjande aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet var lista opp i tingsingsdokumentet som vart sendt til KRYSS Revisjon 16.9.2014:

- Kor høgt er totalt sjukefråvær?
- Kva er fordelinga mellom korttids- og langtidssjukefråvær?
- Kva er netto kostnadene i samband med det registrerte sjukefråværet?
- Er Fjaler kommune ein IA kommune?

- | |
|--|
| - Følgje Fjaler kommune sine egne rutinar rundt sjukefråvær? |
|--|

Frist for levering av rapporten var sett til 1. november 2014. KRYSS Revisjon sende ferdig rapport til SEKOM-sekretariat 20.10.2014.

Revisor kjem med følgjande konklusjon og tilråding på side 20 i rapporten:

Konklusjon

I og med at halvparten av oppfølgingsplanane i utplukket ikkje var utarbeidd innan frist må det kunne hevdast at denne delen av oppfølgingsarbeidet ikkje ligg innafor krava i kommunens eige prosedyreskjema.

Tilråding

Revisor rår til at Fjaler kommune gjennomfører tiltak for å sikre at oppfølging av sjukemeldte i alle ledd skjer innafor aktuelle fristar.

Fra: Stig Årdal
Sendt: 20. oktober 2014 10:27
Til: Audhild Ragni Vie Alme
Emne: Fjaler - rapport
Vedlegg: Endeleg rapport - Rutinar rundt sjukefråvær - Fjaler kommune.pdf

Hei

Sender over forvaltningsrevisjonsrapport Fjaler kommune - «Rutinar rundt sjukefråvær»

Mvh
Stig Årdal
Forvaltningsrevisor
Kryss Revisjon
Tlf 90 52 48 55

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 20.10.14
Sak nr. 024/2014
Arkiv: 216
Avd.kode:
Sakshandsamar S.A

Off:
Regnr:

FORVALTNINGS- REVISJONS- PROSJEKT

Fjaler Kommune

”Rutinar rundt sjukefråvær ”

Rapport tinga av
Kontrollutvalet den: 16.09.2013

Endeleg rapport levert den: 20.10.2014

INNHALD

1. Samandrag av rapporten	3
2. Innleiing	4
Definisjonar av ord og uttrykk som er nytta i rapporten	4
3. Konkretisering og revisjonskriterier	5
4. Metode	6
5. Skildring av det reviderte tenestområdet	7
6. Kor høgt er totalt sjukefråvær?	8
Kommunegruppe	8
KS, SSB og kommunale data	8
Sjukefråvær Fjaler kommune – KS	9
Sjukefråvær Fjaler kommune – Agresso	11
7. Kva er fordelinga mellom korttids- og langtidssjukefråvær	13
Fråvær innafor/utanfor arbeidsgjevarperioden – KS	13
Fjaler kommune – Agresso	13
8. Kva er nettokostnadane i samband med det registrerte sjukefråværet?	14
9. Er Fjaler kommune ein IA kommune?	17
IA-avtale 2010 – 2013	17
IA-avtale 2014 – 2018	18
10. Følgjer Fjaler kommune sine egne rutinar rundt sjukefråvær?	18
Fakta	18
Funn	19
Vurdering	19
Konklusjon	20
Tilråding	20
11. Sideordna funn	20
Underskrift på rapporten	20
Referansar	21
Vedlegg til rapporten	21
1. Vurdering av uavhengigheit	21
2. Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon	21
3. Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium	22
4. Revisjonskjelder og kriterium i dette prosjektet	22
5. Prosedyrar for oppfølging av sjukmelde	25
6. Kommunegruppe 4b	26
7. Rådmannen sine merknadar til rapporten	27

1 SAMANDRAG AV RAPPORTEN

Bestillingsdokumentet frå SEKOM-sekretariatet av 16.09.2013 stiller opp fem problemstillingar som revisjonen skal svare på:

1. Kor høgt er totalt sjukefråværet?
2. Kva er fordelinga mellom korttids- og langtidssjukefråvær?
3. Kva er nettokostnadane i samband med det registrerte sjukefråværet?
4. Er Fjaler kommune ein IA kommune?
5. Følgjer Fjaler kommune sine egne rutinar rundt sjukefråvær?

Som det går fram av kapittel 3 og delkapitlet om avgrensingar av prosjektet, oppfattar revisor spørsmål 1 til 4 som skildrande, eller deskriptive problemstillingar, der det ikkje kan utleiast kriterier frå autoritative kjelder som tilfredsstiller krava i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon. Revisjonsstandarden set rammene for planlegging, gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjonsprosjektet. Svargjevinga på desse spørsmåla kan difor ikkje definierast som forvaltningsrevisjonsrapport. Meir om dette i kapitlet om avgrensingar og revisjonskriterier, samt vedlegg nr 4 til denne rapporten. Revisor går heller ikkje inn på vurderingar og analyser av årsakstilhøve rundt desse problemstillingane. Dette betyr at det berre er problemstilling 5 som det er utleia kriterier for, og som er svara på i tråd med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon.

Nedanfor følgjer ei kort oppsummering under kvar enkelt problemstilling.

Problemstilling 1: Kor høgt er totalt sjukefråvær?

I arbeidet med kartlegging av sjukefråvær har vi henta inn statistikkar både frå KS og Fjaler kommune. I kapitlet kjem vi nærare inn på forholdet mellom ulike kjelder for statistisk materiale når det gjeld sjukefråvær. Hovudpoenget er at dei ulike kjeldene for statistikk kviler på ulike føresetnadar, og at bruken av dei ulike kjeldene må vere konsekvent.

KS sine tal viser ein veksande tendens dei siste par åra, med ein fråværsprosent på i underkant av 7 prosent. Men dette ligg likevel godt under kurvene for snittet til alle kommunane i Noreg samla, og for kommunegruppe 4b.¹ Det er turnuspersonell som jamt over har det største sjukefråværet. Kvinner har høgare sjukefråvær enn menn, deltidstilsette har, med unnatak av eitt år, større sjukefråvær enn fast tilsette. Fjaler kommune sine tal for det totale sjukefråværet er ikkje identisk med KS sine oppgåver. I dei to siste åra ligg kommunens tal vel ein prosent under KS sine tal.

Problemstilling 2: Kva er fordelinga mellom korttids- og langtidssjukefråvær?

Det finst ikkje ein eintydig definisjon av langtids/korttidssjukefråvær. Kapitlet legg fram tal frå KS som viser at sjukefråvær i arbeidsgjevarperioden, altså i dei første 16 dagane av sjukefråværet, er størst i 2010/2013, med 2,44 % av totalt 5,21 %, og i 2012/2013 med 3,38 % av totalt 6,69 %. Kommunen har utarbeidd oversikter over sjukefråvær for kvar enkelt eining i ulike periodar. Av denne finn vi at det er ein betydeleg auke i sjukefråvær som går utover 8 veker frå 2011 til 2012, ein auke frå 9,18% til 42,5 %. I 2013 var talet redusert til 30,5 %.

Problemstilling 3: Kva er nettokostnadane i samband med det registrerte sjukefråværet?

Kapitlet tar utgangspunkt i modell utarbeidd av KS for utrekning av kostnadar ved sjukefråvær. Modellen kviler på ein del føresetnadar som tilseier at tala som kjem fram ikkje må oppfattast som

¹ Kommunegruppe er kommunar inndelt i grupper etter felles kriterier. Kommunegruppe 4b betyr små kommunar med middels bundne kostnadar, og med middels frie disponible inntekter. Meir om dette i kapittel 5.

konkrete kostandar, men må forståast som retningsgjevande. KS har også utvikla ein modell for vurdering av månadsvis kostnader ved sjukefråvær til ein enkelt person.

Ved å legge inn KS sine fråværstal kjem modellen fram til ein kostnad for arbeidsgjevar i perioden 01.04.2013 til 31.03.2014 på kr. 4,8 millionar kroner. Av dette er 3,8 millionar i arbeidsgjevarperioden, og 1 million utanfor arbeidsgjevarperioden. Slik synleggjer modellen òg at arbeidsgjevar har kostnader knytt til sjukefråvær utover arbeidsgjevarperioden sjølv om sjukelønn då blir refundert. Når vi brukar kommunens eigne tal for sjukefråvær, under elles like føresetnader, finn vi ein kostnad for arbeidsgjevar på 3,7 millionar kroner, med andre ord 1,1millionar kroner mindre enn ved bruk av KS sine tal.

Kostnadane til arbeidsgjevar for ein enkelt arbeidstakar med sjukefråvær over eit år, med ei løn på 500 000 kroner, blir rekna til 164 276 kroner. Dette av ein totalkostnad på 659 898 kroner. Også her viser modellen at arbeidsgjevar sit att med ikkje ubetydelege kostnader sjølv om sjukelønn utover arbeidsgjevarperioden blir refundert.

Problemstilling 4: Er Fjaler kommune ein IA-kommune?

Kapitlet skisserer føresetnader og mål med IA-avtale for perioden 2010 – 2013 som Fjaler kommune har underteikna med NAV Sogn og Fjordane. I 2014 blei det inngått ny samarbeidsavtale med verknad frå 04.03.2014. Det blir presisert at denne framstillinga baserer seg på avtale for 2010 – 2013.

Problemstilling 5: Følgjer Fjaler kommune sine eigne rutinar rundt sjukefråvær?

Undersøkinga tok utgangspunkt i kommunens eige prosedyreskjema for oppfølging av sjukemeldte, og konsentrerte seg om punkta som kommunen sjølv har ansvar for å initiere. Det vil seie oppfølgingsplan i løpet av 4 veker, dialogmøte etter sju veker, og rapportering til NAV etter ni veker. Konklusjonen er at oppfølging av sjukmeldte blir i det store og heile følgt opp i tråd med kommunens eige prosedyreskjema. Nokon oppfølgingsplanar blir utarbeidd etter frist.

2 INNLEIING

Rapporten er blitt utarbeida på bakgrunn av tingsdokument frå Sekom datert 16.09.2013 der det går fram at dei styrande organa i Fjaler kommune ønskjer å få kjennskap til om rutinar rundt sjukefråvær er i samsvar med gjeldande regelverk. Tingsdokumentet konkretiserer dette til følgjande problemstillingar:

1. Kor høgt er totalt sjukefråvær?
2. Kva er fordelinga mellom korttids- og langtidssjukefråvær?
3. Kva er netto kostnader i samband med det registrerte sjukefråværet?
4. Er Fjaler kommune ein IA-kommune
5. Følgjer Fjaler kommune sine eigne rutinar rundt sjukefråvær?

Prosjektet skal avgrensast til kontroll av rutinane i 2013 – 2014

Definisjonar av ord og uttrykk som er nytta i rapporten:

- **PAI:** Personaladministrativt informasjonssystem som blir drifta av KS. Registeret byggjer på opplysningar som blir henta inn frå kommunesektoren, og inneheld oversikt over alle arbeidstakarar i kommunal sektor, lønn, arbeidstid, stillingskode og fråvær.
- **KS:** Kommunenes sentralforbund – kommunesektorens sin organisasjon. Alle 428 kommunane i Noreg og 19 fylkeskommunar er medlemmer i KS, i tillegg til meir enn 500 bedrifter.

- **RSK 001:** Standard for forvaltningsrevisjon – Standard som Kryss Revisjon brukar i sine forvaltningsrevisjonsprosjekt. Set rammene for korleis eit revisjonsprosjekt skal gjennomførast.
- **Revisjonskriterium:** Krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsarbeidet skal reviderast, eller vurderast, i forhold til. Definert av RSK 001.
- **Agresso:** Økonomi- og personalsystem som Fjaler kommune nyttar.
- **Aml:** arbeidsmiljølov
- **Ftrl:** folketrygdelov
- **SSB:** Statistisk sentralbyrå
- **IA:** Inkluderande arbeidsliv
- **HMS:** Helse- miljø og sikkerheit

3 KONKRETISERING OG REVISJONSKRITERIER

Ifølgje standard for forvaltningsrevisjon skal det i ein revisjonsprosess etablerast revisjonsriterier som skal vere grunngeve i, og utleia frå, autoritative kjelder innanfor det reviderte området.² Funksjonen til revisjonskriteria er å danne ein norm eller referanse som dei innsamla data blir vurdert opp mot. Kriteria utgjer såleis revisjonen sitt grunnlag for å kunne vurdere om det ligg føre avvik eller svakheiter på området som blir revidert. I og med at revisjonskriteria er uttrykk for ein norm eller eit ideal for korleis tilstanden bør være på det reviderte området, dannar kriteria også eit naturleg utgangspunkt for revisjonen sine tilrådingar. Beskrivande problemstillingar som ikkje som ikkje refererer seg til autoritative kjelder kan det ikkje utleiast kriterier frå.

Spørsmål 1-4 handlar om kartlegging av sjukefråvær, fordeling mellom kort- og langtidssjukefråvær, netto kostnader i samband med sjukefråvær, samt kor vidt Fjaler kommune er ein IA-kommune. Spørsmål om det totale sjukefråværet må nødvendigvis vurderast i høve til samanliknbare storleikar for å kunne sjå ei retning eller utvikling i fråværet. Men storleiken på eit sjukefråvær er i seg sjølv ikkje lovregulert. Det same gjeld naturleg nok også spørsmål om fordeling av korttids- og langtidssjukefråvær, og i vidareføringa av dette også netto kostnader som dette sjukefråværet fører med seg. Sjølv om styresmaktene oppmodar til det, ligg det heller ikkje føre krav i lov om at ein kommune skal gå inn på ein IA-avtale. Dette betyr at desse problemstillingane må oppfattast som beskrivande, eller deskriptiv. Følgjeleg kan det heller ikkje utleiast kriterier frå autoritative kjelder. Konklusjonen på dette blir då at rapporten si svargjeving på spørsmål 1-4 etter forvaltningsstandarden sin definisjon ikkje kan definerast som forvaltningsrevisjonsrapport. Revisor vil heller ikkje ha nokon oppfatningar av årsaksforhold rundt desse problemstillingane.

Det er då berre problemstilling 5 som det kan utleiast kriterier for. Her blir det etterspurt kor vidt Fjaler kommune følgjer sine eigne rutinar rundt sjukefråvær. Dette gjeld etter revisor sin oppfatning både eigenmeldt- og legemeldt sjukefråvær. Problemstillinga blir då kor vidt kommunen kan framvise dokumentasjon på kor vidt desse rutinane blir følgt opp.

Revisor forstår problemstilling 3 slik at netto kostnader i samband med det registrerte sjukefråværet betyr sjukefråværskostnader med fråtrekk av refundert utbetaling av sjukepengar. Meir om dette i kapittel 9.

² RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon pkt 22.

Ifølgje bestillingsdokumentet gjeld problemstillingane kontroll av rutinar 2013 - 2014. Under vegs i dette prosjektet blei det skrivi under på ny IA-avtale som gjeld frå 04.03.2014.³ For 2014 sin del tar vi utgangspunkt i første kvartal, altså januar – mars. Denne framstillinga legg avtalen 2010 – 2013 til grunn i og med at den nye avtalen ikkje trår i kraft før ved slutten av første kvartal 2014.

Vedlegg nr 4 til denne rapporten går nærare inn på kjeldene som ligg til grunn for undersøkinga.

Når det gjeld spørsmål om Fjaler kommune føl eigne rutinar rundt sjukefråvær kan vi bruke kommunens eige prosedyredokument for oppfølging av sjukmeldte som grunnlag for kriterier. Dokumentet er også vedlagt denne rapporten.

Kriteria kan settast opp slik:

- Blir det fylt ut skjema for eigenmeldt sjukefråvær?
- Blir det utarbeida oppfølgingsplan etter seinast 4 veker?
- Kallar arbeidsgjevar inn til dialogmøte etter seinast 7 veker?
- Blir det sendt oppdatert oppfølgingsplan og rapporteringsskjema til NAV etter seinast 9 veker?

Dei andre krava i prosedyredokumentet handlar om deltaking for arbeidsgjevar og arbeidstakar på nytt dialogmøte i regi av NAV etter seinast 6 månadar, og deltaking etter eitt år for arbeidstakar sin del i møte med NAV for vurdering av rettar og behov for arbeidsretta tiltak. Desse tiltaka er det først og fremst NAV som tar initiativet til. Aktuelle kriterier i denne undersøkinga blir difor punkt i prosedyredokumentet slik det går fram ovanfor.

4 METODE

I vårt arbeid med denne revisjonen føreset vi å ha fått tilgang til all etterspurt dokumentasjon, og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde er komplett og dekkjande. Meir spesifikt har vi i dette prosjektet nytta dokumentanalyse, offentleg statistikk, analyse av økonomi- og personaldata, samtalar og e-postutveksling med relevant personell i Fjaler kommune.

Som nemnt i kapittel 3 er det berre svargjevinga i den delen av rapporten som omfattar spørsmål 5 som tilfredsstiller RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon sine krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjonsprosess.

I arbeidet med spørsmål om oppfølging ved sjukefråvær blei det føreteke eit utplukk av sjukmeldte der aktuell dokumentasjon for oppfølging blei vurdert i høve til kriteria som er sette opp. I første omgang fekk revisor tilsendt oversikt over sjukefråvær frå 2013 til første kvartal 2014. Ni av dei representerer sektorane i kommunen med størst sjukefråvær; skule og utdanning, samt helse og omsorg. Dei andre høyrer inn under teknisk. Det viste seg at tilsettingsforholdet til ein av dei som var ført opp på lista under teknisk var så lite at det ikkje var representativt. Denne blei difor ikkje gjennomgått. Dette betyr at det i denne undersøkinga blei gått igjennom 11 saker.


I tillegg blei også eigenmeldingsskjema for dei av personane med eigenmeldt sjukefråvær lagt fram, dvs 12 eigenmeldingar fordelt på 7 av personane i uttrekket.

³ Samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv 20014 – 20118. Underteikna av Fjaler kommune og NAV Sogn og Fjordane den 04.03.2014.

5 SKILDRING AV DET REVIDERTE TENESTEOMRÅDET

Ifølgje overordna analyse har Fjaler kommune sidan 1999/2000 vore organisert i ein flat organisasjonsstruktur. (2-nivå-modell) med eit leiarteam bestående av rådmannen, rådgjevarar og økonomisjef, med servicekontor og folkehelsekoordinator. I tillegg er administrasjonen organisert i 18 meir eller mindre sjølvstendige driftseiningar (inkl. NAV, HAFS interkommunale barnevernteneste, Fjaler/Hyllestad kulturskule og Landbruk Askvoll/Fjaler) Overordna analyse for Fjaler kommune blei skriva i 2012. Ifølgje dokumentet hadde kommunen då stabil arbeidskraft i nøkkelstillingar, og må vurderast som ein «sett organisasjon», med klart definerte oppgåver og ansvar mellom tenesteområda og sentraladministrasjonen. Kommunen er med i interkommunale samarbeid på ulike områder innafor regionen, som til dømes SyS IKT, økonomi, PPT, landbruk, barnevern, interkommunale legevaktsamarbeid. Det interkommunale samarbeidet på ulike området blir fortløpande evaluert.

Omorganiseringa til ein flat organisasjonsstruktur har ført til at oppgåver som tidlegare var ein del av stabsfunksjonen er sett ut til dei ulike driftseiningane/tenesteområda, eller er koordinert gjennom rådgjevarteamet i rådmannen sin stabsfunksjon. Dette gjeld mellom anna oppfølging av budsjett/rekneskapsrapporteringar, tilvisingar av timelister/fakturaer, og oppfølging av ulike refusjonsordningar, samt handtering av regelverk knytt til dette. Noko som betyr at mange tilsette må vere oppdatert på det same regelverket.



Figuren ovanfor viser organisasjonskart Fjaler kommune⁴

⁴ Henta frå årsmelding 2013 Fjaler kommune

6 KOR HØGT ER TOTALT SJUKEFRÅVÆR?

Nedanfor følger oppstillingar over sjukefråvær i Fjaler kommune. Fråværet blir sett i forhold til utviklinga for kommunane i Norge totalt sett, og med kommunegruppe 4b, som Fjaler kommune høyrer til.⁵ Alle tal- og statistikkopplysningar er her henta frå KS sine fråværsstatistikkar. Avslutningsvis blir det henta informasjon frå kommunens egne data.

Kommunegruppe

Statistisk sentralbyrå grupperer kommunar og fylkeskommunar etter folkemengd og økonomiske rammevilkår. Dette for å kunne danne seg eit betre statistisk bilete av kommunar med felles kriterier og føresetnader. Kommunane under dei enkelte grupperingane vil slik sett «bli plukka» frå områder over heile landet, og representerer i vår samanheng då ikkje berre ein region, område eller fylke. Ifølgje opplysingane til SSB blir kommunane delt inn i 10 hovudkategoriar som igjen blir delt inn i opp til tre underkategoriar. Fjaler kommune er blitt plassert i kategori 4b, som betyr små kommunar med middels bundne kostnader, og med middels frie disponible inntekter.⁶ Gruppa omfattar 62 kommunar. Det blir presisert at alle tal for gruppa som kjem til uttrykk nedanfor, er henta inn frå KS sine fråværsstatistikkar.

KS, SSB og kommunale data

Før vi går nærare inn på statistikk materialet kan det vere nødvendig med nokon kommentarar til korleis datagrunnlaget er henta inn. Både KS, SSB og dei fleste av kommunane utarbeider fleire ulike statistikkar for å kunne måle sjukefråværet. På grunn av litt ulike metodar for innsamling av informasjon om sjukefråvær, definisjonar og datagrunnlag, vil det alltid vere noko skilnad mellom statistikk materialet til dei ulike statistikkleverandørane. For KS og SSB sin del vil det over dei fleste 12-månadersperiodane oppstå ein skilnad på mellom 0,5 og 1 prosentpoeng. I fleirtalet av rapportane er det KS som rapporterer høgst sjukefråvær. Det same gjeld i høve til enkeltkommunar;

Skilnaden mellom KS og SSB er størst på legemeldt sjukefråvær. SSB hentar inn sine data frå Arbeidstakarregisteret. For legemeldt sjukefråvær gjeld dette alle arbeidstakarar i alderen 16 – 69 år som er busett i Noreg og registrert i Arbeidstakarregisteret med eit aktivt arbeidsforhold i aktuell periode. Frå eit utval arbeidsgjevarar hentar også SSB informasjon om eigenmeldt sjukefråvær.

KS sine data blir anten henta inn direkte frå kommunane/fylkeskommunane, eller frå selskap som driflar lønns og rekneskapssystema til kommunane, og omfattar fråvær på grunn av eigen sjukdom eller ulukke, samt eigen- og legemeldt sjukefråvær. KS ønskjer å vise sjukefråvær knytt til ei stilling, og ikkje til vikariat når den tilsette ikkje er i arbeid. Dette gjer at vikariat, timelønnte og dei fleste som er tilsett i eit engasjement ikkje blir omfatta av KS sin statistikk. SSB målar sjukefråværet i høve til arbeidsstyrken som har rett til sjukepengar, noko som generelt sett betyr at SSB inkluderer nokon fleire grupper av arbeidstakarar enn KS. Unnataket er tilsette på permisjon, der SSB ekskluderer tilsette raskare enn KS. I tillegg til dette opererer KS og SSB med ulik tilnærming for korleis ein vurderer arbeidsdagar/dagsverk der KS til forskjell frå SSB inkluderer sjukefråvær på offisielle fridagar. Vidare kan det vere noko ulik måte i korleis dagsverk blir justert i høve til ferie, sjukdom i ferien, og liknande.

Likeeins vil det også mellom dei ulike kommunale økonomi- og personalsystema vere skilnader i korleis statistikkar over fråvær blir presentert. Desse vil difor også kunne differensiere seg frå

⁵ Kommunegruppe – kommunar delt inn i grupper med felles variablar etter SSB sine definisjonar. Sjå meir om dette nedanfor.

⁶ Oversikt kommunegruppe 4b, jf vedlegg. Både oversikt og informasjon om inndeling i kommunegrupper er henta frå Utdanningsforbundet sine nettsider www.utdanningsforbundet.no

oppstillingane til KS og SSB. Til dømes vil kommunar som tar feriedagar med i vurdering av mogelege arbeidsdagar, når alt anna er likt, kome fram til eit lægre sjukefråvær enn det som går fram av KS sine statistikkar.⁷

Ifølgje informasjon frå Fjaler kommune hentar dei sine fráværstatistikkar ut frå Agresso, som er økonomi- og personalsystemet som kommunen brukar. Sjukefråværet omfattar legemeldt- så vel som eigenmeldt frávær.⁸ (inkl sjukdom til born).

Dette betyr at bruken av talmaterialet som ligg til grunn for dei ulike tabellane og statistikkane som blir presentert må vere konsekvent. Talmaterialet som blir jamført med kvarandre må komme frå same kjeldegrunnlag, og det må gå tydeleg fram kva kjeldemateriale som blir brukt. Som nemnt tidlegare i framstillinga har revisor ingen oppfatning av årsakstilhøve rundt utviklinga som dei enkelte tabellar og statistikkar viser.

Sjukefråvær Fjaler kommune - KS

Fráværdata blir samla inn av KS i juni og desember kvart år. Innsamlinga i juni dekker perioden frå og med 2. kvartal føregåande år, til og med 1. kvartal året etter. Det er denne perioden som kjem til uttrykk i tabellane og figurane nedanfor. Tabellane nedanfor viser såleis sjukefråvær frå og med 01. april til og med 31. mars året etter. Desemberinnsamlinga dekker perioden frå og med 4. kvartal føregåande år til og med 3. kvartal året etter.⁹

Tabellen under er satt opp med alle kategoriane som går fram av KS sine statistikkar.¹⁰ Undervisningspersonell blir definert som lærarar i barne- ungdoms- og vidaregåande skule. Dette betyr at tilsette med arbeidsoppgåver tilsvarande førskulelærar, styrar i barnehage, assistent i barnehage, skuleinspektør, musikk og kulturskulelærar, musikkskulerektor og skulesjef, ikkje er tatt med her, men er ført opp i kategorien «Annet personell». ¹¹ Med turnuspersonell meinast personell med 35,5 eller 33,5 timar pr veke.

⁷ Artikkel på www.ks.no. «Sammenlikning av sykefraværstatistikk i KS, SSB og andre»

⁸ Årsmelding 2013, Fjaler kommune

⁹ Artikkel på www.ks.no. «Datainnsamling: PAI og fraværstatistikk»

¹⁰ www.ks.no. Sjukefråværsprosentar for fylkeskommunar og kommunar


¹¹ Artikkel på www.ks.no. «Veiledning for KS' fraværstatistikk for perioden 2. kvartal 2013 – 1. kvartal 2014.»

Sjukefråvær Fjaler kommune 2010/2011 – 2013/2014¹²

Sjukefråvær Fjaler kommune	2010/2011	2011/2012	2012/2013	2013/2014
Samla	5,21	4,72	6,69	6,98
Legemeldt	4,76	4,12	5,54	6,12
Eigenmeldt	0,45	0,6	1,16	0,86
I arb.gj.per	2,44	1,73	3,32	2,73
Utanfor arb.gj.per	2,77	3	3,38	4,25
Heiltidstilsette	3,5	2,8	6,92	5,98
Deltidstilsette	7,97	7,72	6,48	7,93
Undervisning	2	1,37	6,04	3,12
Turnus	8,46	7,34	8,02	9,61
Anna personell	3,82	3,78	5,83	6,39
Kvinner	6,34	5,81	7,44	7,9
Menn	1,39	0,72	3,36	2,62
Administrasjon	2,87	2,91	4,36	2,66
Undervisning	2,78	2,02	5,63	3,56
Barnehagar	6,47	8,08	6,3	8,86
Helse/omsorg	7,31	6,19	8,18	9,62
Samferdsle og teknikk				
Anna		3,57		

Tabellen viser ein stabilitet i det samla sjukefråværet på underkant av 7 prosent i dei to siste åra fram til og med mars 2014. Dei to føregåande år var trenden eit noko lægre sjukefråvær. Forholdet mellom eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær går fram av figuren nedanfor.

Eigenmeldt/legemeldt sjukefråvær




Som nemnt ovanfor er Fjaler kommune plassert i kommunegruppe 4b, som er definert som små kommunar med middels bundne kostnader og med middels frie disponible inntekter. Fråværet til Fjaler kommune ligg godt under snittet for kommunegruppe 4b, så vel som for eit samla kommunenoreg. Talmaterialet for kvar kommune i gruppe 4b, totalt 62 kommunar, er henta inn frå KS sine statistikkar.¹³ Snittala er rekna ut av revisor. Tala for norske kommunar samla er også henta frå KS sine oversikter.

¹² Jf note 23. Tal henta frå PAI/KS: «Sykefraværspersenter for fylkeskommuner og kommuner, aggregert og for hver enkel fylkeskommune og kommune».


¹³ Jf vedlegg.

Sjukefråvær Fjaler kommune, kommunar i Noreg og kommunegruppe 4b.



Tabellen nedanfor syner samla sjukefråvær i Fjaler kommune jamført med gruppene heiltidstilsette, deltidstilsette, undervisning, turnus, anna personell, samt kvinner og menn.

Samla sjukefråvær i Fjaler kommune jamført med ulike grupper



Figuren syner at vi finn det største sjukefråværet blant turnuspersonell der sjukefråværet ligg godt over snittet for kommunen. Toppåret er 2013/2014. Vi ser òg at sjukefråværet blant deltidstilsette, med unnatak av 2013/2014, jamt over ligg over fråværet til fast tilsette. Kjønnssfordelinga i viser eit høgre sjukefråvær blant kvinner enn menn.¹⁴ Undervisningspersonell hadde ein topp i 2012/2013.

Ved lesing av tabellen bør ein vere merksam på at èit langtidssjukefråvær i ein mindre kommune vil kunne gje eit ikkje ubetydeleg utslag på sjukefråværsstatistikken for dei enkelte gruppene.

Sjukfråvær Fjaler kommune – Agresso

Tabellen under viser kommunens eigne oppgaver over prosentvis sjukefråvær i Fjaler kommune på dei ulike einingar og avdelingar i 2011, 2012 og 2013. Tala er henta frå tabell tilsendt frå Fjaler kommune.¹⁵ Tabellen viser prosent i høve til årsverk pr. 31.12 kvart år. Periodiseringa er difor ikkje identisk med KS.

¹⁴ Tala for legemeldt/eigenmeldt, i/utanfor arbeidsgjevarperiode korresponderer med oppgåvene over totalt sjukefråvær. Dei andre tala viser fråvær innan dei enkelte gruppene, og vil såleis ikkje stå i forhold til det totale sjukefråværet.

¹⁵ Tabellen omfattar også avtalte dagsverk, dagsverk med sjukefråvær innan for eigenmeldingsperiode, innafor/utanfor eigenmeldingsperiode, samt det av totalfråværet som går over 56 dagsverk.

Einingsvis oversikt over sjukefråvær – 2011 – 2013

	2011	2012	2013
Avdeling	Fråværs%	Fråværs%	Fråværs%
Rådmannskontoret	3,24	4,18	3,03
Dingemoen Skule	5,43	4,57	4,42
Flekkje Skule og barnehage	10,04	2,42	6,63
Guddal Skule og barnehage	1,01	1,21	1,26
Våge skule	2,59	5,62	2,2
Fjaler Ungdomsskule	1,92	2,86	2,68
PPT	8,3	3,78	2,06
Yksnebjør barnehage	8,52	7,25	7,51
Hellevik barnehage	6,48	9,93	6,08
BIO	1,86	3,36	4,25
BIO, lag 1	13,64	9,57	11,55
BIO, lag 2	4,81	6,45	9,49
BIO, lag 3	12,7	8,26	6
BIO, lag 4	3,53	5,72	1,93
BIO, lag 5	12,29	10,15	11,55
BIO, lag 6	2,95	6,82	11,88
Helsesystemtenesta	4,49	5,67	8,82
Fysioterapitenesta	5,07	1,72	1,77
Legekontoret	3,77	14,17	8,47
NAV	0,44	0,97	4,66
HAFS barnevern	3,97	1,96	4,78
Kultur	5,02	0,61	2,59
Teknisk	0,88	1,8	0,77
LAF	0,89	15,89	3,62
Prosjekt/kultur	0	100	0
Fjaler kommune	6,19	5,5	5,81

Vi ser at det i einingane/instansane kan vere store svingingar i sjukefråvær mellom dei ulike år, noko som speglar at enkeltperiodar med fråvær i dei enkelte einingane kan gjere store utslag i statistikken.


7 KVA ER FORDELINGA MELLOM KORTTIDS- OG LANGTIDSSJUKEFRÅVÆR?

Det finst ikkje nokon eintydig definisjon av langtidssjukefråvær. Til dømes blir langtidssjukefråvær i nokon samanhengar forstått som fråvær ut over arbeidsgjevarperioden, altså utover dei første 16 dagane av fråværsperioden der arbeidsgjevar sjølv betalar sjukepengar til den sjukmeldte. I andre kjelder blir langtidssjukefråvær forstått som fråvær utover 56 dagar, altså 8 veker. Ifølgje folketrygdelova skal sjukmeldt for å få rett til sjukepengar så snart som mogeleg, og seinast innan 8 veker, prøve seg i arbeidsrelatert aktivitet. Dette bort sett frå når medisinske grunnar er til hinder for slik aktivitet.¹⁶ I andre samanhengar ser vi at det blir operert med 4 månadar.¹⁷

Fråvær innanfor/utanfor arbeidsgjevarperioden - KS

I arbeidsgjevarperioden er det arbeidsgjevar som har ansvaret for utbetaling av sjukepengar. Utanfor arbeidsgjevarperioden, altså etter dag 16, kan det søkjast om refusjon på utbetalte sjukepengar.¹⁸ Figuren nedanfor viser forholdet mellom sjukefråvær i- og utanfor arbeidsgjevarperioden.

Sjukefråvær i/utanfor arbeidsgjevarperiode¹⁹



Fjaler kommune – Agresso

Fjaler kommune har utarbeida oversikt over sjukefråvær i ulike intervall, jf tabellen nedanfor. 0-8 dagar betyr eigenmeldingsperiode, 0-3 dagar og 4-16 dagsverk er fråvær innafor arbeidsgjevarperioden ved legemeldt sjukefråvær. Ved sjukefråvær med eigenmelding blir eigenmeldingsperioden nødvendigvis ein del av arbeidsgjevarperioden. Ifølgje informasjon frå Fjaler kommune er kollonna «syk > 56 dgv» eit uttrekk frå totalfråværet. Totalt sjukefråvær kjem fram ved å summere kollonnene egen 0-8 dgv til og med syk 17-56 dgv. Tala er henta frå same tabell som oversikta over kvar enkelt eining ovanfor.

Oversikt sjukefråvær pr år i ulike intervall²⁰

	Fråværs%	Sjuk dgv	Avt. dgv	Egen 0-8 dgv	Egen >8 dgv	Syk 0-3 dgv	Syk 4-16 dgv	Syk 17-56 dgv	Syk >56 dgv
2011	6,19	3511,7	56693,98	397,63	7	39,45	848,52	2219,09	322,46
2012	5,5	3036,27	55251,81	486,96	0	25,46	367,6	2156,26	1289,72
2013	5,81	3373,97	58108,09	582,7	0	35,72	530,01	2225,53	1027,76

¹⁶ Ftl § 8-4

¹⁷ Til dømes Karmøy kommune - retningslinjer sykefråvær – www.idebanken.org/forside/_attachment/805372087?_download

¹⁸ Ftl § 8-19

¹⁹ Tal henta frå PAI/KS: «Sykefraværsprosjenter for fylkeskommuner og kommuner, aggregert og for hver enkel fylkeskommune og kommune».

²⁰ Tala er henta frå tabellen «Sjukefråvær 2010 – 2013» som er oversendt frå Fjaler kommune. Oversikta ovanfor – «Einingssvis oversikt over sjukefråvær» er henta frå same tabell.

Rubrikken «sjuk dg» syner samla tal dagsverk sjukefråvær. (Altså summen av rubrikkane frå 0-8 dg til 17-56 dg.) Fråværsprosenten blir då dagsverk sjukefråvær (sjuk dg) i prosent av avtalte dagsverk.

Ifølgje informasjon frå Fjaler gjekk kommunen frå og med 2012 over til å bruke egne tal i sine oversikter over sjukefråvær. Før det brukte dei NAV sine oppgåver. Alle tal som er brukt i tabellen ovanfor er likevel henta ut frå kommunens eige system, Agresso.²¹

Tabellen under viser del av sjukefråvær over 56 dagsverk.²²

Fråvær over 56 dg

	Samla	o/56 dg i %
2011	6,19	9,18
2012	5,5	42,5
2013	5,81	30,5

Fråværet over 56 dagsverk i prosent av det totale sjukefråværet viser ein sterk auke frå 2011 til 2012. Det ser ut til at langtidssjukefråværet i 2013, i prosent av totalt sjukefråvær, har gått ned i høve til 2012.

8 KVA ER NETTOKOSTNADANE I SAMBAND MED DET REGISTRERTE SJUKEFRÅVÆRET?

KS har utarbeidd modell for utrekning av kostnader i samband med sjukefråvær.²³ Modellen er meint å kunne brukast av den enkelte kommune/fylkeskommune, og skil mellom sjukefråvær innafor og utanfor arbeidsgjevarperioden.

Modellen reknar ut verdien av produksjonstap som følgje av sjukefråvær, og tar utgangspunkt i at verdien av eit dagsverk er lik beløpet som arbeidsgjevar vil betale for, som lønn, feriepengar, pensjon og arbeidsgjevaravgift. Den reknar ikkje inn kostnader ved bruk av vikar på grunn av at gevinsten ved at arbeidet då blir utført ikkje kjem fram.²⁴ Modellen legg til grunn at utbetalte sjukepengar utover arbeidsgjevarperioden blir refundert.²⁵ Den tar likevel ikkje omsyn til følgjande forhold:

- grupper med egne refusjonsreglar under folketrygdelova § 8-20.
- staten kunn betalar feriepengar for 48 fråværsdagar
- tilsette utover 60 år og tilsette med over 6G i inntekt kan ha ein annan sjukefråværsprosent enn gjennomsnittet.

Ved å legge inn informasjon om kommunenummer, pensjonspremie, arbeidsgjevaravgift og prosentvis sjukefråvær i og utanfor arbeidsgjevarperioden, reknar modellen seg fram til dei totale kostandane ved sjukefråvær, både for arbeidsgjevar og staten.

²¹ Jf e-post av 03.07.2014

²² Talgrunnlaget er kommunens tal frå Agresso. Henta frå same tabell som ovanfor.

²³ «Beregningsmodell for kostnader ved sykefravær». Artikkel på nettsidene til ks: www.ks.no

²⁴ E-post frå KS av 06.08.14

²⁵ E-post frå KS av 06.08.14. Dette med unntak av tillegg for heilagdagar.

Opplysningane om sjukefråvær som blir brukt i modellen er henta frå registeret til KS.²⁶

Informasjon om arbeidsgjevaravgift og pensjonskostnadar i 2013 er henta inn frå Fjaler kommune.²⁷ Pensjonskostnadane var her sett opp i prosent for dei ulike ordningane, dvs SPK, DnB og KLP, og kor stor del av dette som AFP-kostnadane utgjer.²⁸ Frå årsrekneskapen til Fjaler kommune henta revisjonen deretter inn dei totale pensjonskostnadane i kroner i 2013 for kvar enkelt av pensjonsordningane. På bakgrunn av dette har revisjonen rekna seg fram til vektta snitt i prosent for dei totale pensjonskostnadane. Det vil seie at det er teke omsyn til kor stor del av dei totale lønskostnadane som dei ulike «kassane» utgjer. Revisjonen kom her fram til eit snitt på 16,18 % for 2013. Talet inkluderer pensjonskostnadar med fråtrekk av AFP-kostnadar.

Arbeidsgjevaravgift er opplyst til å vere 10,6%.

Når vi legg inn opplysningane ovanfor, med tillegg av fråværstal innanfor/utanfor arbeidsgjevarperiode, får vi følgjande resultat:

Kostnadar sjukefråvær 2013/2014. Tal i millionar kroner			
	Arbeidsgjevar	Stat	Totalt
I arbeidsgjevarperiode	3,8		3,8
Utanfor arbeidsgjevarperiode	1,0	5,0	6,0
Totalt	4,8	5,0	9,8

Ovanfor er det kommentert fleire føresetnadar som gjer at kostnadane som modellen reknar seg fram til må vurderast som retningsgjevande. I eksempelet ovanfor har vi satt inn KS sine fråværstal for andre kvartal 2013 til og med første kvartal 2014, med andre ord 01.04.2013 – 31.03.2014. Med ein fråværsprosent i og utanfor arbeidsgjevarperioden på henholdsvis 2,73 og 4,25, samla fråvær 6,98 prosent, finn vi ein total kostnad over eit år for arbeidsgjevar på kr 4,8 millionar kroner. Dette er fordelt på 3,8 millionar i arbeidsgjevarperioden, og 1,0 million utanfor arbeidsgjevarperioden. Oversikta viser at sjølv om utbetalte sjukepengar etter 16. sjukefråværsdag blir refundert, så må er sjukefråværet likevel ikkje kostnadsfritt for arbeidsgjevar. Kommunen må likevel dekkje kostnadar som:

- pensjonskostnadar
- arbeidsgjevaravgift av feriepengar og pensjon
- sjukepengar utover 6G
- feriepengar av lønn utover 6G
- feriepengeavsetning utover 48 sjukefråværsdagar av lønn inntil 6G

Som vi har kommentert ovanfor, kviler KS sine data og kommunens egne statistikkar over sjukefråvær på ulike føresetnadar. Om vi set kommunens egne fråværstal for 2013 inn i modellen under elles tilsvarende føresetnadar, kjem vi fram til følgjande tabell:

²⁶ Personaladministrativt informasjonssystem, PAI, som blir drifta av KS. Registeret byggjer på opplysningar som blir henta inn frå kommunesektoren, og inneheld oversikt over alle arbeidstakarar i kommunal sektor, lønn, arbeidstid, stillingskode og fråvær.

²⁷ E-post frå Fjaler kommune datert 04.06.2014.

²⁸ Ifølgje e-post av 04.06.14 representerer dette følgjande tal: SPK 13,31 %, av dette 2,14 % AFP. DnB 23,23 %, av dette 2,7% AFP. KLP 10,42 %, av dette 0,95 % AFP.

Kostnader sjukefråvær 2013. Kommunale data. I millionar kroner			
	Arbeidsgjevar	Stat	Totalt
I arbeidsgjevarperiode	2,8		2,8
Utanfor arbeidsgjevarperiode	0,9	4,4	5,3
Totalt	3,7	4,4	8,1

Opplysningane over sjukefråvær i og utanfor arbeidsgjevarperiode er her rekna ut frå tabellen ovanfor «Oversikt sjukefråvær pr år i ulike intervall». ²⁹ Her er tala 2 prosent innafor arbeidsgjevarperioden, og 3,8 prosent utanfor. Kostandane ved sjukefråvær i arbeidsgjevarperioden blir her vesentleg mindre enn det som går fram av KS sine tal. Tabellen ovanfor viser såleis 2,8 millionar kroner i arbeidsgjevarperioden, 1million mindre enn ved bruk av KS sine tal. Fråværet utanfor arbeidsgjevarperioden ligg nærare KS sine oppgåver, slik at kostnadsbilete i dei to tabellane her i sterkare grad korresponderer med kvarandre.

KS har også utarbeida ein modell for månadlege kostnader ved sjukefråvær til ein enkelt medarbeidar, samt akkumulert kostnad over ein lengre periode. Eksempelet nedanfor tar utgangspunkt i ein person i 100 prosent stilling, årslønn, kr. 500 000, med tillegg på kr. 15 000 utover grunnløn, pensjonskostnader på 16,18 prosent, arbeidsgjevaravgift 10,6 prosent. Avvikling av ferie er med i berekninga, og arbeidstakar er under 60 år. Tabellen nedanfor er eit bilete som er kopiert inn frå KS sin modell.

Månadlege kostnader – sjukefråvær ein person

Periode	Bruttolønn for arbeidstakeren	Bruttolønnskostnad for arbeidsgiver inkl. sosiale kostnader	Arbeidsgivers kostnad inkl. sosiale kostnader (ikke refundert)(#)	Akkumulert kostnad arbeidsgiver inkl. sosiale kostnader(#)	Arbeidsgivers kostnadsandel, pr. måned	Arbeidsgivers kostnadsandel, akkumulert
Arbeidsgiverperioden	22 889	32 449	32 449	32 449	100 %	100,0 %
Måned 1 minus arbeidsgiverperioden	20 028	28 393	3 754	36 203	13 %	59,5 %
Måned 2	42 917	60 842	8 044	44 247	13 %	36,4 %
Måned 3	42 917	60 842	12 527	56 774	21 %	31,1 %
Måned 4	42 917	60 842	13 701	70 475	23 %	29,0 %
Måned 5	42 917	60 842	13 701	84 176	23 %	27,7 %
Måned 6(evt. ferieavregning feriepengar)	-6 603	-9 360	-2 108	82 068	23 %	27,8 %
Måned 7	42 917	60 842	13 701	95 770	23 %	26,9 %
Måned 8	42 917	60 842	13 701	109 471	23 %	26,3 %
Måned 9	42 917	60 842	13 701	123 172	23 %	25,8 %
Måned 10	42 917	60 842	13 701	136 873	23 %	25,4 %
Måned 11	42 917	60 842	13 701	150 574	23 %	25,1 %
Måned 12	42 917	60 842	13 701	164 276	23 %	24,9 %
Sum	465 481	659 898	164 276	164 276		24,9 %
Andel av lønnskostnadene som arbeidsgiver må betale for et års sykefravær						24,9 %

Som nemnt ovanfor blir arbeidsgjevar påført ikkje ubetydelege kostnader i samband med sjukefråvær sjølv om sjukelønn utover arbeidsgjevarperioden blir refundert gjennom NAV. Også her ligg det til grunn føresetnader som gjer at informasjonen må vurderast som retningsgevande.

²⁹ Fråvær i tal dagsverk innafor/utanfor arb.gj.per i prosent av avtalte dagsverk.

9 ER FJALER KOMMUNE EIN IA KOMMUNE?

IA-avtale 2010 – 2013

Ifølgje intensjonsavtalen for perioden 2010 – 2013, som blei underteikna av regjering og aktuelle arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar den 24.02.2010, er IA-samarbeidet eit middel for å oppnå overordna mål i sysselsettings-, arbeidsmiljø- og inkluderingspolitikken³⁰. Hovudmålet for samarbeidet er å førebygge og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet og gjere arbeidsmiljøet betre, samt hindre fråfall frå arbeidslivet.

Avtalane i kvar enkelt verksemd skal ta utgangspunkt den enkelte verksemd sine utfordringar og å sette mål som stør opp om dei nasjonale måla. Fjaler kommune har underteikna samarbeidsavtale med Arbeids- og velferdsetaten ved NAV Arbeidslivssenter i Sogn og Fjordane om eit meir inkluderande arbeidsliv.³¹ Avtalen byggjer på ovannemnde intensjonsavtale og «protokoll mellom partene i arbeidslivet og myndighetene om felles innsats for å forebygge og redusere sykefraværet og styrke inkluderingen», som partane underteikna på same tid som IA-avtalen.

Etter samarbeidsavtalen er det ein viktig føresetnad for å nå måla med IA-avtalen at verksemda har eit systematisk førebyggjande HMS-arbeid, og at IA arbeidet til verksemda blir implementert i dette arbeidet. I vidareføringa av dette vil verksemdar som har underteikna IA-avtaler få spesielle rettar som:

- eigen kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter
- tilretteleggingstilskot frå NAV
- honorar til Bedriftshelsetenesta
- utvida bruk av eigenmelding

På grunnlag av IA-avtalen sine delmål skal verksemda fastsetje eigne mål for IA-arbeid som er tilpassa utfordringa til verksemda, og som skal integrerast i HMS-arbeidet. Dette handlar om utarbeiding av mål for sjukefråværsarbeidet, og å sette resultatmål for utviklinga i sjukefråværet. Vidare skal det setjast aktivitetsmål for oppfølgings- og tilretteleggingsarbeidet for arbeidstakarar med redusert arbeidsevne, og aktivitetsmål for korleis ein skal tilpasse NAV-avklarte personar som har behov for å prøve ut arbeidsevna si i arbeidslivet. Arbeidsgjevar skal også ha eit livsfaseperspektiv som skal gå inn som del av personalpolitikken. Aktivitetsmåla skal kunne etterprøvast.

Aktivitetsmål skisserar tiltak og aktivitetar for å nå desse måla, målgruppe for kvar enkelt tiltak, kven som er ansvarleg, og tidsperspektiv for gjennomføring av tiltaka. Mellom anna har Fjaler kommune som mål for 2013 å førebyggje og hindre sjukefråvær, stabilisere sjukefråværet slik at det er under 5,5 % i løpet av 2013, og å jobbe for å inkludere personar som står i fare for å bli støyte ut eller fell frå arbeidslivet. Kommunen skal kjenne til Nav sine verkemiddel og opne opp for personar med redusert funksjonsevne som står utanfor arbeidsmarknaden.

Til pliktene høyrer også utarbeiding av rutinar for å førebyggje sjukefråvær og følgje opp eigne sjukmeldte. Fjaler kommune har utarbeida slikt rutinedokument, basert på IA-avtalens krav, og det er dette dokumentet som i denne framstillinga blir brukt som revisjonskriterium under arbeidet med problemstillinga under kapittel om oppfølging av sjukmeldte, jf nedanfor.

³⁰ Intensjonsavtale om et mer inkluderende arbeidsliv 1. mars 2010 – 31. desember 2013. (IA-avtalen)

³¹ Samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv 2010 - 2013

IA-avtale 2014 – 2018

I 2014 blei det inngått ny samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv mellom Fjaler kommune og NAV Sogn og Fjordane. Samarbeidsavtalen byggjer på intensjonsavtalen mellom partane i arbeidslivet som blei inngått med verknad frå 04.03.2014.³² Avtalen skisser i store trekk dei same overordna mål og delmål som førre avtale. Men den nye IA-avtalen forenkler likevel reglane for oppfølging av sjukmeldte.³³ Mellom anna blir kravet om rapportering til NAV etter ni veker oppheva, og NAV kan heller ikkje sanksjonere ved manglande oppfølging frå arbeidsgjevar si side. Men Arbeidstilsynet skal framleis føre systemretta risikobasert tilsyn, og vil kunne følgje opp med reaksjonar. Det blir heller ingen sanksjonar ovanfor sjukmeldar som ikkje deltar i dialogmøte. Det blir også innført nytt førebyggings- og tilretteleggingstilskot for IA-verksemdar som kjem i staden for tilretteleggingstilskot og BHT-tilskot.

Når det gjeld denne framstillinga er det IA-avtalen 2010 – 2013 som blir lagt til grunn i og med at oppdraget ifølgje bestillingsdokumentet gjeld 2013 og første kvartal i 2014.

10 FØLGJER FJALER KOMMUNE SINE EIGNE RUTINAR RUNDT SJUKEFRÅVÆR?

Fakta

Fjaler kommune har utarbeida eit prosedyredokument for oppfølging av sjukmeldte. Dokumentet er vedlagt personalhandbok, og er ein kortversjon av brosjyra «Tidligere oppfølging av sykmeldte».³⁴ Krava til arbeidsgjevar som går fram av brosjyra relaterer seg direkte til arbeidsmiljølova og folketrygdelova sine krav til oppfølging av sjukmeldte.³⁵ Oppsummeringsvis skal kommunen etter prosedyredokumentet ha skjema for eigenmelding. Ifølgje informasjon på eigenmeldingskjemaet skal skjemaet leverast til avdelingsleiar/tenesteleiar første arbeidsdag etter sjukefråvær. I løpet av fire veker skal arbeidsgjevar utarbeide oppfølgingsplan i samarbeid med arbeidstakar, og sende denne til sjukmeldar. Etter sju veker skal det kallast inn til dialogmøte med arbeidstakar og bedriftshelseteneste, evt. lege/sjukmeldar. Etter ni veker skal oppdatert oppfølgingsplan og rapporteringsskjema sendast til NAV. Ved sjukefråvær opp til 6 månadar skal arbeidsgjevar delta på dialogmøte i regi av NAV, og etter eitt år skal arbeidstakar i samarbeid med NAV vurdere rettar og behov for arbeidsretta tiltak.

Som nemnt i kapittel 4 blei det plukka ut 12 saker for gjennomgang i høve prosedyredokumentet. Utvalet blei gjort ut frå liste sendt over frå Fjaler kommune. Ni av dei representerer sektorane i kommunen med størst sjukefråvær; skule og utdanning, samt helse og omsorg. Dei andre høyrer inn under teknisk. Det viste seg at tilsettingsforholdet til ein av dei som var ført opp på lista under teknisk var så lite at det ikkje var representativt. Denne blei difor ikkje gjennomgått. Dette betyr at det i denne undersøkinga blei gått igjennom 11 saker.

Gjennomgangen konsentrerte seg om tiltak i prosedyredokumentet som arbeidsgjevar har ansvar for å sette i verk. Det vil seie oppfølgingsplan i løpet av 4 veker, dialogmøte etter sju veker, og

³² Intensjonsavtale om et mer inkluderende arbeidsliv 04.mars 2014 – 31. desember 2018 (IA avtalen).

³³ Ny og forenklet IA-avtale for oppfølging av sykmeldte. Artikkelen på www.regjeringen.no

³⁴ «Sykefraværsregler 1. juli 2011: Tidligere oppfølging av sykmeldte». Brosjyra er lasta ned frå nav sine nettsider www.nav.no Etter 1. juli 2014 er denne erstatta med brosjyra «Oppfølging av sykmeldte». Denne framstillinga relaterer seg til sjukefråvær i 2013 og første del av 2014. Følgjeleg er det regelverket frå før 01.juli 2014 som gjeld, og som prosedyredokumentet er utarbeidd frå.

³⁵ Jf også kapittel 5 i denne framstillinga.

rapportering til NAV etter ni veker. Dei andre tiltaka i prosedyredokumentet er i regi av NAV. I tillegg blei også eigenmeldingsskjema for dei av personane med eigenmeldt sjukefråvær lagt fram.

Ifølgje informasjon frå NAV kan det gjerast unnatak frå oppfølgingsplan og det første dialogmøtet når dette tydeleg er unødvendig. Døme her er alvorlege sjukdomstilstandar der arbeidstakar ikkje er i stand til å komme tilbake i arbeid, og motsett når det er sikkert at arbeidstakar i løpet av kort tid vil komme tilbake til full jobb utan tilretteleggingstiltak. Det kan også gjerast unnatak når det alt er satt i gang fungerande tilretteleggingstiltak på arbeidsplassen, og når alvorleg sjukdomstilstand gjer det uaktuelt å gjennomføre møtet.³⁶

Ved gjennomgang av dokumentasjonen fekk revisor lagt fram dokumentasjon som blei henta ut frå systemet til NAV, det vil seie oppfølgingsplanar og rapportar sendt inn til NAV innan frist på 9 veker. I tillegg blei det lagt fram nokon brev/skriv frå kommunen som var relatert til problemstillingane. Utfylte skjema for eigenmeldingsfråvær blei etter gjennomgang av hovuddokumentasjonen sendt over til revisor på e-post.

Funn

Det var utarbeidd oppfølgingsplanar i åtte av dei aktuelle sakene som blei gått igjennom. I dei tre andre sakene blei manglande oppfølgingsplan grunngjeve med at situasjonen til arbeidstakar ikkje gjorde det nødvendig å utarbeide oppfølgingsplanar, at det på grunn av gradert sjukmelding var dagleg kontakt mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar i arbeidssituasjonen, og at tiltak blir gjennomført i løpet av oktober til ut desember 2013. For den siste saka var det også lagt fram referat rundt oppfølgingssamtalar.

To av oppfølgingsplanane var ikkje sendt til lege, utan at grunnen for dette var nærare kommentert.

Fire av oppfølgingsplanane var utfylt etter frist på fire veker. I ei av sakene har NAV sendt førehandsvarsel om sanksjon på grunn av manglande rapportering.

Av aktuelle rapportar går det fram at det er gjennomført fire dialogmøte, noko som nødvendigvis betyr at slikt møte for sju av personane ikkje er gjennomført. For seks av desse er det kommentert at oppfølgingssamtale var unødvendig på grunn av situasjonen til arbeidstakar. For ein av personane var det jamleg kontakt mellom arbeidsgjevar og medarbeidar på arbeidsplass på grunn av gradert sjukmelding.

Utplukka eigenmeldingsskjema var, med eit par unnatak, underteikna av arbeidstakar og einingsleiar ved tilbakekomst til arbeidet etter fråværet.

Vurdering

Etter revisors oppfatning er sakene som manglar oppfølgingsplan grunngjeve innafor aktuelt regelverk. Det same gjeld der det ikkje var gjennomført dialogmøte. Revisor tar ikkje stilling til grunnlaget for desse vurderingane, men konstaterer at vedkomande person sin situasjon er blitt vurdert opp mot aktuelle føringar. Det er likevel uheldig at fire av åtte utarbeidde oppfølgingsplanar, 50%, er utarbeidd etter frist. Det er også uheldig at oppfølgingsplanar ikkje blir sendt til sjukmeldar.

³⁶ «Sykefraværsregler 1. juli 2011: Tidligere oppfølging av sykmeldte». Brosjyre henta frå NAV sine heimesider www.nav.no

Konklusjon

I og med at halvparten av oppfølgingsplanane i utplukket ikkje var utarbeidd innan frist må det kunne hevdast at denne delen av oppfølgingsarbeidet ikkje ligg innafør krava i kommunens eige prosedyreskjema.

Tilråding

Revisor rår til at Fjaler kommune gjennomfører tiltak for å sikre at oppfølging av sjukemeldte i alle ledd skjer innafør aktuelle fristar.

11 SIDEORDNA FUNN

Langs med i denne revisjonen har vi gjort følgjande funn som vi ikkje har analysert nærare, men kan vere utgangspunkt for eigne, framtidige forvaltningsrevisjonsoppdrag


Som nemnt ovanfor var det aller meste av dokumentasjonen som blei lagt fram henta ut frå NAV-systemet. Etter gjennomgangen blei det stadfesta frå kommunen si side at det berre er eininga BIO som legg oppfølgingsplanar i eigne personalmapper.³⁷ Kommunen har utarbeida eige rutine- eller prosedyredokument, men har sjølv ikkje dokumentasjon på kor vidt aktuelle rutinar og prosedyrar rundt oppfølging av sjukmeldte blir følgt opp. Etter revisors oppfatning bør slik dokumentasjon vere internt tilgjengeleg for fullt ut å kunne ivareta kommunelovas krav rundt formuleringa «betryggende kontroll», jf revisjonskriterium. Her kan vi også peike framover mot korrigering av regelverk for oppfølging av sjukmeldte med verknad frå 01.07.2014 der det heiter at arbeidsgjevar skal oppbevare dokumentasjon på oppfølgingsarbeidet i verksemda.³⁸

UNDERSKRIFT PÅ RAPPORTEN

Denne rapporten er utarbeidd av forvaltningsrevisor Stig Årdal i Kryss Revisjon

Førde, den 20.10.2014

(underskrift)



³⁷ BIO – bistand og omsorg

³⁸ «Oppfølging av sjukmeldte». Informasjonsbrosjyre lasta frå www.nav.no

REFERANSAR

Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (Arbeidsmiljølova)
Lov om folketrygd (Folketrygdlova)
Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)
RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon
Intensjonsavtale IA 2010 – 2013
Intensjonsavtale IA 2014 – 2018
Samarbeidsavtale IA 2010 – 2013
Samarbeidsavtale IA 2014 – 2014
Samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv
Reglement for delegering av avgjerdsrett – Fjaler kommune
Overordna analyse Fjaler kommune 2012
Personalhandbok Fjaler kommune
Økonomireglement Fjaler kommune
Økonomisk analyse Fjaler kommune 2012
Årsmelding 2012
Årsmelding 2013
www.regjeringen.no Sammenligning av sykefraværstatistikker i KS, SSB og enkeltkommuner
www.regjeringen.no Oppfølging av sykmeldte – brosjyre – oppdatert juli 2014
www.regjeringen.no Tidligere oppfølging av sykmeldte – brosjyre oppdatert okt 2012
www.regjeringen.no Ny og forenklet IA-avtale for oppfølging av sykmeldte
Plan for inkluderende arbeidsliv Fjaler kommune 2011, 2012 og 2013
www.ks.no Beregningsmodell for kostnader av sykefravær i kommunene
www.ks.no Sykefraværsprosenter for fylkeskommuner og kommuner, aggregert og for hver enkelt fylkeskommune og kommune

VEDLEGG TIL RAPPORTEN

Nedanfor følger oversikt over lovkjelder og interne styringsdokument som blir brukt i dette prosjektet.

1. Vurdering av uavhengigheit

Etter RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav at revisor i utføring av revisjonsarbeidet skal vere uavhengig og objektiv. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig. Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Vi kan ikkje sjå at det etter kriteria i ovannemnde rettskjelder er forhold som svekkjer vår uavhengigheit i utføringa av denne forvaltningsrevisjonen.

2. Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon

KRYSS-Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommunelova § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har to *forvaltningsrevisorar* tilsette på heiltid.

Denne rapporten er utarbeidd av Kryss Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Fjaler kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging. Kravet om revisjon av kommunal verksemd er heimla i Kommunelova § 78, og i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar, fastsett av KRD den 15. juni 2004. Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon, § 6. I forskrift om revisjon § 7 vert det slått fast at intensjonen med ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske *vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader* ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og føresetnader. Vidare at forvaltningsrevisjonen skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla «**RSK 001 – Standard for forvaltningsrevisjon**» (pr. 01.02.2011) nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

3. Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium

I dette forvaltningsrevisjonsprosjektet har Kryss Revisjon nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon slik dei går fram av RSK 001 og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden:

- I RSK 001, pkt 21, heiter det om **problemstillingar** i det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt m.a at *revisor må ta utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet og sikre at problemstillinga er eigna til å svare på bestillinga.*
- I RSK 001, pkt 24, er dei generelt, viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningslinjer m.v. I mange tilfelle vil «beste praksis» også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- RSK 001, pkt 22 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til.* Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir underøkt *bør* fungere eller være. Revisjonskriteria danner såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- SK 001, pkt 23 seier at desse revisjonskriteria skal vere *grunngeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innafor det reviderte området.

4. Revisjonskjelder og kriterium i dette prosjektet

Rammelover

Rammeverket for utarbeiding av revisjonskriterium i dette prosjektet er lover og føreskrifter, anerkjende prinsipp for økonomistyring, politiske vedteke rutineverk og administrativt rutineverk. Nedanfor vil vi først gå gjennom rammeverket som er lagt til grunn for dette prosjektet. Deretter følgjer dei konkretiserte revisjonskriteria som er lagt til grunn for undersøkinga.

Kommunelova § 1, formålsparagrafen, seier mellom anna at formålet med lova er å leggje til rette for ein effektiv forvaltning av dei kommunale fellessinteressene. I kommunelova § 6 vert det slått fast at kommunestyret er det øvste kommunale organet. I same lov § 6, 2. setning står det at kommunestyret treffer vedtak. Når du ser desse paragrafane i samanheng med forvaltningslova § 2, der mellom anna omgrepet ”vedtak” vert definert, har du juridisk heimla kommunestyret sin vedtakskompetanse. Vidare finn vi i kommunelova § 23 nr 2 at administrasjonssjefen eller rådmannen skal syte for at administrasjonen vert drifta i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar og at vedtak vert sett i verk. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen «drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksar, og at den er gjenstand for betryggende kontroll». Gitt føremålsparagrafen i kommunelova og premissane i rådmannsansvaret etter kommunelova § 23 nr 2 framstår det som klart at ansvaret for rapportering og oppfølging i samband med sjukefråvær er ankra i kommunelova.

Det er folketrygdlova (ftrl.) som regulerer retten til lønn under sjukdom, der formålet med sjukepengar er å gje kompensasjon for bortfall av arbeidsinntekt for yrkesaktive medlemmer som er arbeidsuføre på grunn av sjukdom eller skade³⁹.

Arbeidsmiljølova (aml) har mellom anna som føremål å bidra til eit inkluderande arbeidsliv⁴⁰. Same lov stiller også krav til at det blir utført systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid (HMS-arbeid) på alle plan i verksemda⁴¹. Dette skal gjerast i samarbeid med arbeidstakarar og tillitsvalte, og arbeidsgjevar skal mellom anna syte føre eit systematisk arbeid med førebygging og oppfølging av sjukefråvær.⁴² Også folketrygdlova stiller krav til oppfølging av sjukmeldte.⁴³

Økonomi og personell

Kommunens økonomi- og finansreglement er utarbeidd på bakgrunn av kommunelova, som legg opp til at kommunane skal drive mål- og rammestyring. Kommunestyret og fylkestinget skal ein gong i året vedta ein rullerande økonomiplan⁴⁴.

Dagens forskrifter stiller krav om plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.⁴⁵ Overordna analyse blir nytta som grunnlag for utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll/selskapskontroll.⁴⁶ Dokumentet seier også noko om administrativ organisering av Fjaler kommune.

Personalhandbok for tilsette i Fjaler kommune gir innføring i aktuelle spørsmål i tillegg til å innehalde retningslinjer for medarbeidarane, mellom anna retningslinjer rundt sjukmelding og sjukefråvær.⁴⁷ Personalhandboka er også vedlagt prosedyrar for oppfølging av sjukmeldte.⁴⁸ Skjemaet skisserar pliktar til kommunen rundt oppfølging av sjukemeldte, samt ansvar for oppfølging av ulike tiltak.

Årsmeldingane for 2012 og 2013 kommenterer mellom anna utviklingslinjer i sjukefråvær,⁴⁹ og er utarbeidd i samsvar med kommunelova.⁵⁰

IA

Som del av arbeidet med inkluderande arbeidsliv (IA) har Fjaler kommune utarbeida plan for inkluderande arbeidsliv. Ifølgje planen skal IA-arbeidet vere med på å styrke jobbnærværet i verksemda, hindre utstøying og stimulere til at tilsette står lenger i arbeid.⁵¹

Intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) har som overordna mål å «førebygge og redusere sykefråvær, styrke jobbnærværet og betre arbeidsmiljøet, samt hindre utstøying og frafall fra arbeidslivet». IA-avtalen seier at det kan brukast eigenmelding i til saman 24

³⁹ Ftrl § 1-1 og 8-1

⁴⁰ Aml § 1-1 pkt e

⁴¹ Aml § 3-1

⁴² Aml § 3-1 og 4-6

⁴³ Ftrl § 25-2

⁴⁴ Kommunelova § 44.

⁴⁵ Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10

⁴⁶ Overordna analyse Fjaler kommune 2012

⁴⁷ Personalhandbok Fjaler kommune s. 9.

⁴⁸ Prosedyrar for oppfølging av sjukmeldte. Skjemaet er lagt ved Personalhandbok Fjaler kommune, og i

⁴⁹ Årsmeldingar 2012 og 2013 Fjaler kommune.

⁵⁰ Kommunelova § 48 pkt 1 og 5.

⁵¹ Plan for inkluderande arbeidsliv for Fjaler kommune, periode 01.01.2013 – 31.12.2013.

kalenderdagar i løpet av ein 12 månaders periode⁵². Eigenmelding kan ikkje nyttast meir enn i åtte dagar pr sjukefråvær.

Statistikk

Når det gjeld sjukefråvær nyttar denne rapporten seg av tal, tabellar og statistikkar frå KS og Fjaler kommune.

Nedanfor følgjer oversikt over kjeldegrunnlag for dei konkret problemstillingane.

Problemstilling 1: Kor høgt er totalt sjukefråvær?

Aktuelle kjelder er KS sine tabellar og statistikkar for sjukefråvær i kommunar og fylkeskommunar. Revisjonen har også fått sendt over kommunale oversikter over sjukefråvær.

Problemstilling 2: Kva er fordelinga mellom korttids-og langtidssjukefråvær?

Jf 4.1.1. Same kjeldegrunnlag som for kartlegging av totalt sjukefråvær.

Problemstilling 3: Kva er netto kostnadar i samband med det registrerte sjukefråværet?

Ut frå kjeldegrunnlaget som vist ovanfor er det fornuftig å ta i bruk KS sine modellar for vurdering av kostnadar ved sjukefråvær, både totalt for kommunen, og pr sjukmeldt. Dette på grunn av at vi då kan gjere bruk av tal frå same kjelde slik at bruk/jamføring av tal og statistikkar blir konsekvent.

Problemstilling 4: Er Fjaler kommune ein IA kommune?

Aktuelle interne styringsdokument og andre dokument som skildrar/omhandlar problemstillingar rundt IA. Som til dømes plan for inkluderande arbeidsliv 2013, der mellom anna overordna mål for Fjaler kommune går fram. Vidare samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv 2010 – 2013 og 2014 - 2018.

Problemstilling 5: Følgjer Fjaler kommune sine eigne rutinar rundt sjukefråvær?

